

Kvigno

Eit busetnadsnamn frå Lærdal i Indre Sogn

Av *Samuele Mascetti*

Namn och bygd 111 (2023), 69–88.

Samuele Mascetti, Department of Language, Literature, Mathematics and Interpreting, Western Norway University of Applied Sciences: *Kvigno*. An oeconym from Lærdal in Indre Sogn.

Abstract

This article explores the methodological challenges posed by the toponym *Kvigno* from Lærdal municipality in Indre Sogn (Western Norway). The name has no known appellative counterpart, and the evidence for it is limited to only two, slightly uncertain attestations: a farm name in Erdal and the name of an abandoned shieling (summer dwelling) in Råsdal. Therefore, the analysis of the primary sources relies on a qualitative approach supplied by several secondary sources. The results indicate that *Kvigno* could be traced to a form originally derived from the river name **Kvig(a)*, from the same stem as ON *kvíga* f. ‘heifer’ (ultimately ‘livestock’). The insertion of *-n-* can be explained by analogy to the semantically similar hydronym-type **Yxn(a)* ‘ox[en]’ and its appellative counterpart *yxn-* (plural stem of *uxi* m. ‘ox’). Moreover, proximity to the prominent pre-historic farms *Mo*, *Rå*, *Sæbø* and *Tøri* suggests that both attestations of *Kvigno* as proper names can be dated to the period 1–800 CE.

Keywords: Western Norway, Indre Sogn, farm names, field names, river names, micro toponyms.

1. Bakgrunn for granskinga

Namnet *Kvigno* /²kvignu/ er heimfesta berre to stader i Noreg, begge i Lærdal kommune i Indre Sogn. Det eine er namnet på ein tvibølt høgdegard i Erdalen, det andre er namnet på ein gamal vårstøl under garden Mo i Råsdalen (sjå fig. 1 og 2). *Kvigno* vart altso valt som forskingsobjekt fordi det er eit sjeldsynt og tilsynelatande uforklarleg namn med fåe og ikkje so sikre belegg. Metoden nytta i artikkelen er ein kvalitativ djupneanalyse av belegga og namnemiljøet kring dei. Arbeidet har deduktive trekk, ettersom drøftinga av tidlegare språklege og reale tolkingar av *Kvigno* er ein direkte implikasjon av undersøkinga, men føremålet har i utgangspunktet ikkje vore å granska nokon spesifikk hypotese eller koma fram til éi eintydig tolking av belegga. Tilnærminga kan seiast å ha vore mest induktiv, og det overordna forskingsspørsmålet har vore korleis ein




Fig. 1. Kart over Erdalen i Lærdal. Pila syner lægjet til garden Kvigno. Utsnitt frå norgeskart.no (06.08.2023).

kan leggja fram eit tolkingsforslag som er so dekkjande og heilskapleg som mogeleg ut frå dei (fåe) kjeldene ein har.

Primærkjeldene for dei moderne belegga av namna har vore band 12 av Norske Gaardnavne (NG) og stadnamnsamlinga til Fylkesarkivet i Vestland; Bergens Kalvskinn (BK) har vore primærkjelde for dei historiske belegga. Viktige sekundærkjelder har vore opplysingar frå Sentralt stadnamnregister (SSR) og Statens kartverk (Kartverket), Universitetet i Bergen (UiB): Stedsnavnarkivet, det gamle NRK-arkivet (no digitalisert; originalarkiv deponert på Språksamlingane, UiB) og den sokalla skulebarninnsamlinga frå 1930-talet (originalane er på



Fig. 2. Kart over Råsdalen i Lærdal. Pila viser lægjet til stølen Kvigno. Utsnitt frå norgeskart.no (06.08.2023).

Språksamlingane, UiB, men Fylkesarkivet i Vestland har kopiar av oppskriftene sende inn av barneskular i gamle Sogn og Fjordane fylke). Ulike band av bygdeboka for Lærdal og annan lokalhistorisk litteratur har også vore nyttige supplerande kjelder for å kartleggja bruken og utbreiinga av dei ulike mikrotoponyma i namnemiljøet kring hovudbelegga. Ein tydeleg føremon har vore at *Kvigno* berre er heimla i Indre Sogn, noko som har gjort det mogeleg å granska belegga ut frå eit felles og eintydig talemålsgrunnlag. Dessutan er eg kjend på dei aktuelle stadene og har kunna gjennomført feltundersøkingar direkte.




Fig. 3. Detalj frå kartet over Erdalen: namnemiljøet kring garden Kvigno. Utsnitt frå norgeskart.no, mine markeringar (08.08.2023).

2. Belegg og tidlegare vurderingar

Garden Kvigno i Erdalen lyt vera gamal, men det er uråd å vita akkurat kor gamal, sidan det ikkje er gjort arkeologiske funn utanom ei skaftholøks frå steinalderen (Hovland & Espe 2005 s. 114). I dag er han fråflytt, men husa står framleis. Informasjonen om stølen Kvigno i Råsdalen er endå ringare. Han vart lagd ned kring år 1900 og har berre vorte nytta som slåttemark sidan (Espe & Hovland 1990 s. 321), men tuftene etter sela synest framleis godt.¹ Etter stoda å døma er bae belegga på *Kvigno* eigne former som lyt analyserast som parallelle, men sjølvstendige proprium. Inga opplysing frå kjeldene tyder på noka form for oppkalling, særleg kontakt mellom namngjevarane eller innverknad namna imellom.

Gardsnamnet vart skrive *Kvigne* før, men dette er ei form frå dansketida berre nytta som etternamn i dag. Det gamalnorske namnet var tvillautst ei fleirtalsform og har fleire belegg i BK (med noko ulik skrivemåte): *j kuignum* (2x, s. 198), *j kuighinum* (s. 200), *j kuighnum* (s. 202), *j kuighnum*, *j kuignum* (s. 208). Alle andre belegg er frå etter år 1500. Det nedervde nynorske namnet på tradisjonelt nedrelærdalsmål er òg ei fleirtalsform med grunnform *Kvignane* ²*kvignadn*,

¹ Ogso på flyfoto, koordinatar: 61.0156314 N, 7.6804432 Ø. norgeskart.no (15.12.2022).




Fig. 4. Detalj frå kartet over Råsdaalen: namnemiljøet kring stølen Kvigno. Utsnitt frå norgeskart.no, mine markeringar (08.08.2023).

dativ *Kvigno* /²kvigno/ med påstad-funksjon og genitiv *Kvigna* /²kvigna/ med tilstad-funksjon (Bjørkum 1974 s. 246, Hovland & Espe 2005 s. 114). Soleis rekna Albert Kjær med ei opphavleg fleirtalsform **Kvignar* (NG 12 s. 69). Denne forma må alltid ha hatt ei viktig rolle som proprium i det nære namnelandskapet, det synest blant anna i fjellnamnet *Kvignaskari* og i *Kvignadalen*, det kvardagslege namnet på delen av Erdalen der garden ligg. Ogso den gamle vårstølen til Kvigno heitte *Kvignadalen* og låg ca. 1 km lenger fram i dalen (sjå fig. 3), men då snakka ein om å vera på *Kvignadalen* – stølen – til skilnad frå i *Kvignadalen* – dalføret (jf. Hovland & Espe 2005 s. 114, 135, 167, 186).

Stølsnamnet i Råsdaalen lyt òg ha hatt ei markert rolle som proprium, noko som gjorde at det vart førelekk i fleire samansetjingar på staden (sjå fig. 4): elvenamnet *Kvignagrovi*, terrengnamna *Kvignakamben*, *Kvignagjeli*, *Nedre Kvignaskorane* og *Øvre Kvignaskorane* i fjellsida og teignamna *Kvignaøyni* og *Kvignabåkko* ved stølsgjerdet (Fylkesarkivet i Vestland). Sjølve stølsnamnet er overlevert berre i dativ fleirtal (*Kvigno* /²kvigno/) til liks med svært mange lokale smånamn i det øvre lærdalsdalføret, medan andre gamle bøyingsfor-

mer (genitiv og eventuelt grunnform) finst berre hjå gardsnamn, slik som stort sett på Vestlandet elles (jf. NG Innl. s. 14). Slike dativnamn i Lærdal er i tråd med allmenn stadnamnlære, men vert også forklarte ved at talemålet i Øvre Lærdal og Borgund hadde produktiv dativbøying fram til vår tid takk vere hopehav med dativområda Valdres og Hallingdal. Blant substantiva med mest konservativ og konsekvent dativbøying fann ein høgfrekvente terrengord nytta i preposisjonsfrasar med påstad-funksjon (sjå Bjørkum 1974 s. 249–252). Dette galdt både appellativisk og i proprium, til dømes (*opp*)i *båkk*o ‘(opp)i bakkane’ (sjå Larsen 1926 s. 244) kontra i *Båkk*o ‘i Ulvisbakken’ (ein gard i Borgund, sjå Espe, Gram & Hovland 1987 s. 672). Fleirtalsforma i slike busetnadsnamn som eigentleg viser til eitt namneobjekt lyt skuldast både det ibuande kollektive preget deira – som allereie Oluf Rygh la merke til (NG Innl. s. 11) – og det Kjær kalla for «den Tilbøielighed til at give opr. Entals-Navne Flertalsform, som viser sig mangededs i disse strøg [...]» (NG 12 s. 142).²

Tydinga til *Kvigno* er uvis. Anders Skogen (2020 s. 215) prøvde å forklara fleirtalsforma i gardsnamnet med at det alltid har vore to bruk der, men eit slikt tilhøve rekna allereie Rygh som «meget tvilsomt» (NG Innl. s. 11). Skogen meinte òg at «[n]amnet må koma av *kviknad*, *kn* > *gn* (etter D.A. Seip). Såleis kjem *gn* inn i namnet». Kjelda etter Seip nemnd her er truleg kapittelet om gamalnorsk i Norsk språkhistorie til omkring 1370 (Seip 1955), kanskje spesielt s. 282, der det mellomalderske belegget *Kuignum* på gardsnamnet *Kvikne* i Midt-Gudbrandsdalen vert nytta som døme. Ein slik overgang er likevel lite sannsynleg i tradisjonelt sognemål, fordi konsonantsambandet *-kn-* anten vart til *-tn-* eller fekk vokalinnskot.³ Om konsonantsambandet *-gn-* i *Kvigno* skreiv dessutan allereie Kjær (NG 12 s. 69):

Sognavnet Kvikne i Gudbrandsdalen og i Nordre Østerdalen samt Gaardnavnet Kviknan i Orkedalen maa vel være et ganske forskjelligt Navn, uagtet det første, som skrives a K u i k n o m DN. I 531, 1432. AB. 106, a H w i k n o m DN. I 621, 1460, ogsaa findes skr. a K u i g n u m DN. XV 7, 1321, a K w i g n a DN. VIII 416, 1473; efter Udtalen (*kvi`kkne*) at slutte, kunne de sidste Former neppe være rigtige [...].

Av same grunnen er det lite rimeleg å sjå føre seg ein eller annan samanheng mellom *Kvigno* og gardsnamna *Kvitno* (fleire), *Ukvitno* og *Såkvitno* frå Voss og

² I tradisjonelt sognemål kan også appellativ i bunden fleirtalsform ha kollektiv tyding, særskilt i preposisjonsfrasar: *julene* (alltid i *juladn*) er allment brukt i indre strom og romjula (sjå Bjørkum 1974 s. 219), *snøane* (til dømes *ut i snøadn*) er brukt i Luster og Sogndal om snø generelt eller eit større snødekt område, *skogane* (til dømes *frami skogadn*) er nytta sameleis, og i Sogndalsfjora har eg høyrte uttrykket *oppi skuladn* nytta om høgskulecampusen på Fosshaugane.

³ Jf. den eldre uttalen /^ʔmatna/ for *marknad* m. (Larsen 1926 s. 362) og gardsnamnet *Heltn*e /^ʔheltnadn/ i Luster, frå gno. **Helknar* og belagt som *j helknum*, *jhælknum* i BK (s. 176, 178). Jf. òg dei eldre uttalane /^ʔsøken/ for *sokn* f. og /^ʔteken/ for *teikn* n. (Larsen 1926 s. 410).

Hardanger: Disse kjem truleg frå gno. **kvipnir*, kanskje ein eldre vestlandsk variant av **kviknir* (NG 11 s. 447 f.). Elles har tolkingsforslag med bakgrunn i formell likskap med anna språkmateriale vanlegvis andre rimelegare og tryggare forklaringar, til dømes verbformer med avgrensa utbreiing som *kviga* ‘gå ustøtt’ frå Hallingdal eller *kvigra* ‘virra, vingla’ frå Hardanger (begge frå gno. *hvika* ‘vingla’ > nyno. *kvika* ‘vera uroleg’, sjå NO 6 s. 1454). Med bakgrunn i desse førebelse vurderingane vil eg no sjå nærare på den mogelege morfologiske og semantiske utviklinga av forma *Kvigno* som anten opphavleg teignamn eller opphavleg elvenamn.

3. Teignamn: formelt enkelt, men pragmatisk vanskeleg

Kjeldeopplysingane tyder tydeleg på at *g*-innljoden i belegga er nedverd og ikkje resultat av nyare ljodendringar eller feilskrivningar, difor kan ein formelt sett leggja gno. *kviga* f. ‘kvige’ til grunn for ei førebels tolking av namna. *N*-innskotet i dei overleverte formene kan grunngjevast ved samanlikning med til dømes stølsnamnet *Bersetno* /²bersetno/ (tilstad-genitiv *Bersetna*) frå Hafslo i Luster. Kjær (NG 12 s. 40) førte gode bevis på at etterlekken i dette namnet er gno. *seta* f. ‘sitjing’ og ikkje **seti* m. (overlevert i nyno. *sete* m. ‘sess, berghylle’), og at *n*-innskotet i dativforma skuldast påverknad frå genitivforma **setna*. Til liks med *seta* f. var *kviga* f. eit lint hokjønnsord med genitiv fleirtal på *-na*, soleis kan dativ- og nominativforma òg ha fått eit liknande konsonantinnskot ved paradigmeutjamning. Dette er formelt uproblematisk og høver med det einaste belegget på førelekken *Kvign-* utanfor Lærdal – skogteigen *Kvignaholten* /²kvigna,holtn/ ved garden Styvi i nabokommunen Aurland – som truleg er utvikla av den eldre genitivforma *kvigna*.⁴ Hovudutfordringa med ei slik tolking er den reale bakgrunnen for namngjevinga. Usamansette dyrenemne er svært sjeldne som samanlikningsnamn på busetnad, medan dei er ganske vanlege i elvenamn, fjellnamn og andre terrengnamn, særskilt namn i skjergarden og langsmed kysten når det gjeld *kvige* f.

Det freistar å leggja fram ei semantisk tolking av gno. **Kvignar* som ‘kalvebeita’, ‘kalvegardane’ eller liknande – ein velkjend type teignamn i dag – og ei slik tolking kan òg høva med lægjet til lokalitetane. Garden *Kvigno* ligg langt framme i Erdalen, medan dei viktigare namnegardane *Sæbø* og *Tøri* (samansett med gno. *vin* f.) er å finna heimst i dalen (sjå fig. 1). Det er altso godt

⁴ I stadnamnsamlinga til Fylkesarkivet i Vestland er dette namnet skriva opp som *Kvignaholten*, medan uttaleopplysingane tyder på *e*-fuge (/²kvigne,holtn/). Dette er truleg eit forsøk på normering av uttalen etter standardmålet i skrift. Slike tilfelle er ikkje uvanlege i materialet til Fylkesarkivet, sidan namna vart lesne inn på band berre etter intervju- og nedskrivingsfasen av innsamlingsarbeidet (sjå Ølmheim 2008 s. 12).

mogeleg at Kvigno var hamnegang for desse gardane fyrst, og brukstilhøvet mellom stølen Kvigno i Råsdalen og storgardane *Mo* og *Rå* (< gno. [v]r^a f. ‘krå, hyrne’) kan peika på det same (sjå fig. 2). Likevel er det uråd å grunnkje korleis ei fleirtalsform av gno. *kvíga* f. ‘ung ku’ metonymisk skal ha gått over til å tyda ‘beite/inngjerdning for unge kyr’, sidan ei slik semantisk utvikling er ukjend i gamalnorsk og nynorsk. Dersom det var tilfellet, ville utviklinga truleg skjett frå germansk til urnordisk og gamalnorsk. Jamfør til dømes gno. *kvi* f. ‘kve, inngjerdning for fe’, truleg utvikla metonymisk av det germanske kollektivet **k^wiō* eller **k^wiǰō* ‘fenad, buskap’, opphavleg ‘fe, husdyr’, ettersom det ser ut til å vera laga til ei verbalrot med tydinga ‘å leva’ (Bjorvand & Lindeman 2019 s. 678–679, same rota som *kvik(k)* adj. ‘livleg, frisk’). Gno. *kvíga* f. synest å gå attende til germansk **k^wi-g-ōn*, ei avleiing av nett same verbalrota (eller av sjølve **k^wiō*/**k^wiǰō* i tydinga ‘husdyr’, Bjorvand & Lindeman 2019 s. 686);⁵ tydingsinnhaldet ser altso ut til å ha gått gjennom ei rimeleg innsnevring frå germansk ‘husdyr/livdyr’ til urnordisk og gamalnorsk ‘ungt hodyr av storfe’, men inga metonymisk forskuving, ettersom gno. *kvíga* f. støtt peikar på eit særskilt husdyr.

4. Elvenamn: pragmatisk sannsynleg, men formelt komplisert

Ei anna moglegheit er å sjå på *Kvigno* som opphavleg elvenamn, sjølv om Kjær allereie i 1919 stilte seg tvilande til ei slik tolking, «[...] da der ikke ellers findes noget Spor af et saadant Elvenavn» (NG 12 s. 69). Sameleis som *Kvigno* er eit hapax som busetnadsnamn, kan det i prinsippet vera det som elvenamn òg. Dei mange og godt dokumenterte elvenamna laga til gno. *uxi* m. ‘okse’ (NE s. 304–305, NSL s. 505) fungerer som eit trygt semantisk samanlikningsgrunnlag, og *kvíga* f. kan ha vore bakgrunn for elvenamn ved sida av *uxi* m. slik som hannen og hoa hjå andre dyr (til dømes i elvenamna *Bera/Bessa/Binna*, NE s. 12–13). Dessutan er *naut* n. ‘ku/okse/kalv’ eit kjent ledd i elvenamn med liknande tydingsinnhald.

Lægjet til stadene talar heller ikkje mot ei tolking som elvenamn. I Råsdalen renn *Kvignagrovi*, ei mindre tverrelv til hovudelva *Nivla* (sjå fig. 2 og 4). Det er nærliggjande å tru at *Kvignagrovi* kan ha vore det opphavlege namneobjektet til *Kvigno*, og i stadnamnsamlinga til Fylkesarkivet i Vestland (frå 1985–86) er nokre gamle slåtteteigar i bakkane nedom grova registrerte med namnet *Kvigna*

⁵ Torp (1919 s. 349), Hellquist (1948 s. 535), de Vries (1977 s. 338) og Ásgeir B. Magnússon (1995 s. 527) tolkar *kvíga* f. som avleiing av rota til *ku* f., altso **k^wi-g-ōn*, men Bjorvand & Lindeman imøtegår denne tolkinga på overtydande vis.




Fig. 5. Kvigna, Kvignakamben og Kvignagjeli på Øk-kartblad frå 1976. Utsnitt frå norgeskart.no (15.12.2022).

/²kvigna/, noko som kan tyda på eit eldre elvenamn. Dette belegget er likevel noko usikkert, sidan teigane ikkje er førte under noko gards- og bruksnummer, uttalen av namnet er transkribert, men ikkje teken opp på band, og informant og oppskrivar er ein og same personen. Her kan det også vera snakk om ein viss *Kvigna-teigen* som husmennene på Brønnerhaugen under Mo hadde i oppdrag å slå (Espe & Hovland 1990 s. 306), altså endå ei samansetjing med stølsnamnet. Eventuelt kan det dreia seg om den gamle genitivforma av stølsnamnet, men ikkje lenger oppfatta som preposisjonsfrase med tilstad-funksjon av informanten og soleis reanalysert som nytt teignamn. Ein indikasjon på at den usamansette forma *Kvigna* likevel kan ha noko for seg, kjem frå fyrsteutgåva av Økonomisk kartverk (aktuelle kartblad frå 1976), der forma er med som eit tydeleg elvenamn i lag med samansetjingane *Kvignagjeli* og *Kvignakamben* (sjå fig. 5). Denne opplysinga er vidareført i namneregisteret for ei eldre utgåve av den topografiske hovudkartserien over Noreg i skala 1:50 000, likevel svarar koordinatfestinga (61°01' 07°41') ikkje til Kvignagrovi, men til bakkane overfor stølsgjerdet på Kvigno (Navneregister s. 335). Sidan 1998 har forma *Kvigna* for *Kvignagrovi* vore registrert som avslagen og ikkje tilrådd i SSR. Grunnen til avslaget er uklart, og korkje Kartverket eller stadnamntenesta i Språkrådet

har særlege opplysingar om grunnlaget for dette vedtaket utanom teksten til vedtaksbrevet. Det ser likevel ut til at det kan vera resultat av intern praksis i SSR seint på 1990-talet, då det ikkje var vanleg å tilrå å operera med eit undernamn i tillegg til eit hovudnamn. *Kvignagrovi* må difor ha vorte valt av di det var mest brukt i nyare kart og av lokalfolket.⁶ I det gamle NRK-arkivet er forma *Kvigna* registrert som «[b]jekk i Lærdal kommune» med koordinatar som svarar til *Kvignagrovi* (61.02195 N, 7.67757 Ø). Dette arkivet vart laga på 1960-talet og er soleis jamgamalt med fyrsteutgåva av Økonomisk kartverk, men belegget er likevel usikkert, sidan den opphavlege registreringa på kartotekkortet er *Kvignan* /kvigːnan/ (Norvegia-ljodskrift). Namneskildringa på den aktuelle sida av det digitaliserte NRK-arkivet seier at «[s]tadnamnet på kortet er feilstava eller har fått endra skrivemåte. Korrekt namn i dag er *Kvigna*» utan at det er vist til noka kjelde for dette, og det er elles ukjent kven som var namnekonsulent(ar) då NRK stifta dette stadnamnarkivet. Her lyt det ha skjett ei samanblanding med namnet til rikstelefon- og oppsynsstasjonen på *Kvigno* i Erdalen, som offisielt heitte *Kvignan* (etter grunnforma /²kvignadŋ/) etter at telefonlina vart bygd i 1901 (Hovland & Espe 2005 s. 124). Transkriberinga /kvigːnan/ i NRK-arkivet lyt vera ei attgjeving av den skriftnære uttalen, medan den nedervde lokaluttalen vart nytta ved sida av forma *Kvignan* i andre publikasjonar frå same perioden (til dømes band 7 av Norsk allkunnebok frå 1956, s. 770). Det er diverre uråd å finna fleire eldre skriftfestingar av stølsnamnet i Råsdaalen utanom ei registrering i stadnamnarkivet til Universitetet i Bergen. Heller ikkje skulebarnoppskriftene frå 1930-talet kjem til gagns her, av di berre elleve av over førti gardar i Nedre og Øvre Lærdal er dekte av dei spørjeskjemaa som faktisk vart fylte ut og returnerte av skulekrinsane i tidlegare Lærdal herad (Fylkesarkivet i Vestland).

Opplysingane om *Kvigno* i Råsdaalen er altså temmeleg dunkle – noko som vitnar om at dette stølsnamnet har vore forelda ei stund – men trass avslaget i SSR ymtar dei på at det faktisk kan dreia seg om eit opphavleg elvenamn. Slikt denotasjonsbyte er eit kjent fenomen, og sikre tilfelle av denne utviklinga i Indre Sogn er til dømes stølsnamnet *Elda* /²eldaʊ/ på Veitastrondi i Luster og teignamna *Rjoande* /²ru:ande/ og *Fljugande* /²flu:gande/ i Aurland (gamle lauv- og slåtteteigar i utmarka, attgrodde no),⁷ opphavlege namn på høvesvis *Eldelvi*, *Rjoandefossen* og *Flugandefossen/Flugandegrovi*. Namnemiljøet i Råsdaalen syner dessutan spor etter gamal namngjeving med fleire usamansette elvenamn (sjå fig. 2), jf. den ovannemnde *Nivla* (< **Nyvla*, fordi tradisjonelt øvrelærdalsmål har itakisme, sjå Bjørkum 1974 s. 36–42, til [*k*]nyvle f. < gno.

⁶ Sakshandsamar Christian Mathiesen ved Kartverket og rådgjevar Kjell Erik Steinbru ved stadnamntenesta i Språkrådet (personleg kommunikasjon på e-post, 29. november 2022).

⁷ Approksimanten /j/ frå gno. *-jó-* og *-jú-* dett oftast vekk i tradisjonelt aurlandsmål, sjå Breisnes 1991 s. 128.

knýfill m. ‘hornstubb’) og tverrelvane *Ia* (< gno. *iða* f. ‘ide, bakevje’) og *Ingána* (kanskje opphavleg **Ing[a]*, sjå NSL s. 238–239). Om elvenamnet *Kvigna* faktisk fanst, må *Kvignagrovi* vera ei ny form laga til stølsnamnet *Kvigno* heller enn ei semantisk dobling av elvenamnet. Hadde dette siste vore tilfellet, skulle ein venta *e*-fuge (**Kvignegrovi*) til liks med linne hokjønnsførelekkar i samansetjing elles. Det er lite sannsynleg at elva fekk namnet frå stølen, endå om nokre fåe elvar og grøver i Lærdal vart namngjevne etter busetnaden på staden (til dømes *Kvemma* ved gardane Nedre Kvame og Øvre Kvame i Borgund). Ein liten vårstøl som *Kvigno* er langt frå like gamal og dominerande i kultur- og namnelandskapet som ein storgard, difor kan namnet fyrst ha gått over frå elva til området ikring, som seinare fungerte som grunnlag for dei yngre samansetjingane på *Kvigna*-

På same vis kan gardsnamnet *Kvigno* i Erdalen koma frå eit eldre elvenamn. Garden ligg svært avsides og vart truleg rudd seinare enn gardane ved sjøen (*Sæbø* og *Tøri*), soleis kan han ha vorte kalla opp etter eit eldre namn som alt fanst på staden. Ei eller anna tverrelv til *Erdalselvi* kan ha vore det opphavlege namneobjektet, og ei lita grov renn gjennom tunet på *Kvigno* (kalla *Låvegrovi* av lokalfolka, sjå fig. 3). Ho er likevel ikkje særleg markert i terrenget og ser heller ikkje ut til å ha hatt ei tydeleg kategorisering, til skilnad frå til dømes tverrelvane *Skorva* og *Kolda* i nærmiljøet, som er mykje større og ber tydeleg eldre namn. Det er snarare eit parti av sjølve hovudelva som tykkjest vera det opphavlege namneobjektet til *Kvigno*. Erdalsdalføret kan nemleg delast i tre. Den heimste luten (der flestalle gardane ligg) strekkjer seg frå sjøen til stølane *Mork* og *Hestevollen* (sjå fig. 1), framom desse var dalen mest stengd av eit djupt gjel og fleire bratte kleivar (*Kvignagjelet* og *Kvignakleivane*, sjå fig. 3) før vegen vart bygd i 1912 (Hovland & Espe 2005 s. 115). Den fremste luten (*Kvignadalen*) går frå *Kvignagjelet* til *Sluppen* (eit åmot), og framom denne strekkjer *Horndalen* seg til *Flatbotnen* (sjå fig. 1). Denne siste dalen fekk namn frå elva *Horna* ^ʰhɔdnɑ/ (i dag ogso *Horndalselvi* eller *Hornelvi*), namngjeven etter dei mange krikane i elvefaret. Ved *Sluppen* renn *Horna* saman med den mindre *Modlaugselvi* og tek soleis til å heita *Erdalselvi*. På liknande måte kan elva ha heitt **Kvigna* i *Kvignadalen* (mellom *Sluppen* og *Kvignagjelet*), som heilt til våre dagar låg ganske isolert frå resten av bygda og kan ha vorte oppfatta som eit sjølvstendig område i kultur- og namnelandskapet. I so fall spørst det kva elva kan ha heitt i den heimste Erdalen, og *Kjær* (NG 12 s. 72–73) førte gode argument for at dei mellomalderske belegga i *Elridali/Elridale* ikkje vitnar om eit eldre elvenamn laga til gno. *ǫlr* m. ‘or’, men om ei samansetjing med gno. *elri* n. ‘oreskog’. Det er likevel ikkje slik at elva må ha heitt noko spesielt i den heimste dalen, ettersom busetnaden der etter alt å døma er eldre og meir kontinuerleg. Det einaste vesentlege brotet i busetjingsmønsteret kom etter svartedauden, då Erdalen låg delvis i øyde, men alt i byrjinga av 1500-talet



Fig. 6. Kvignadalen i Erdalen sett frå vegen over Kvignakleivane, tunet på Kvigno kan skimast i bakgrunnen. Foto: Samuele Mascetti (18.05.2023).

var fleire gardar heimst i dalen i bruk att (Hovland & Espe 2005 s. 19, 49–50, 87–88). Dette kan tyda på at namnebrukarane støtt hadde eit direkte tilhøve til elva og ikkje trong å identifisera henne med anna enn vanlege appellativ som *å f.* og *elv f.*

Den reale bakgrunnen for eit opphavleg elvenamn ser i alle fall ut til å vera tryggare enn bakgrunnen for tolkinga som opphavleg teignamn, medan den formelle grunnjevinga vert vanskelegare. Ein kunne teke utgangspunkt i den germanske stamma **k^wī-g-* (sjå del 3) og tenkt seg ei avleiing på *-n(a) *Kvign(a)* slik som i mange andre elvenamn (Hovda 1966 s. 13). Dette er formelt sett ikkje umogeleg, og ein kunne tenkt seg eit semantisk innhald i tråd med den eldste tydinga til stamma **k^wī-g-* ('levande/livleg'). Dette gjev mening dersom ein går ut frå at elvenamn utgjer det eldste namnesjiktet i Noreg, at *n*-avleiing truleg var produktiv i både germansk og urnordisk (Særheim & Kruken 2018 s. 276) og at «[e]lvi renn stri under Kvignakleivane» (Skogen 2020 s. 215). Med tanke på at namngjevinga i vestlandsk fjord- og dalslandskap som regel skjedde nedanfrå, er det spesielt elvepartiet i Kvignagjelet nedom Kvignakleivane som står fram som aktuelt opphavleg namneobjekt, av di elva renn raskast der i mange fossar og stryk (sjå fig. 6). Dette stemmer overeins med landskapet i den tronge og bratte Råsdalen. Her er det mange grøver som styrtar nedover fjellsida, og Kvignagrovi renn i to åtskilde og markerte fosse-



Fig. 7. Kvignagrovi i Råsdalen tidleg om våren. Vassføringa er lita, og den øvste delen av grova er framleis mest frosen, likevel synest dei to falla gjennom Kvignagjeli tydeleg. Foto: Samuele Mascetti (18.05.2023).

fall gjennom kvar si kløft (*Kvignagjeli*) heller enn i ein samanhengande og beinare foss (sjå fig. 7). Dette gjer at grova får ein meir spretten og sundriven utsjånad jamført med grøvene ikring, særskilt om sumaren når vassføringa er stor. Dessutan ligg Kvignagrovi og Kvignakamben ved overgangen mellom *Ettre Dalen* – den heimste luten av Råsdalen – og *Fremre Dalen* – resten av Råsdalen forbi Kvignakamben, der stølane låg (Espe & Hovland 1990 s. 346). Mellom desse snevvar dalen seg inn, og dei bratte hamrane nedst i Kvignakamben hindra ferdsla før den noverande stølsvegen vart bygd (sjå fig. 7). Kvignagrovi står soleis fram som landskapsmarkør mellom det nære valdet til gardane og stølsområda deira, noko som kan vera med på å underbyggja hypotesen om at grova ligg til grunn for stølsnamnet *Kvigno*.

Ei formell tolking med bakgrunn i den germanske stamma **k^wi-g-* ‘levande/livleg’ er altso pragmatisk sannsynleg, likevel inneber ho fleire usikre steg, fordi denne stamma alt i urgamal tid synest å ha peikt på husdyr, særskilt livdyr til skilnad frå slaktedyr (Bjorvand & Lindeman 2019 s. 686). Det er difor uråd å grunngje kvifor elvenamnet skulle lagast til nett denne stamma og ikkje direkte til verbalrota **k^wei-/k^wi-* ‘å leva’. Det er dessutan usannsynleg at namnet kunne vorte laga til same stamma som *kvik(k)* adj. ‘livleg’ (jf. til dømes *Kvikke(åi)* i Telemark), sidan denne forma alltid har *k*-innskot i nord- og vestgermansk (< **k^wikwa-*). **Kvign(a)* < **k^wi-g-n* hadde føresett den eldre forma **k^wiwa-*, men ho er heimla berre i austgermansk (Kroonen 2013 s. 320, Bjor-

vand & Lindeman 2019 s. 687–688), og det tykkjast vera metodisk urimeleg å rekna med to ugrunngevrne nordgermanske relikte avgrensa til Lærdal. Ei mogeleg løysing kan vera å rekna med ei opphavleg form **Kvíg(a)* ‘kvigeelva’ frå germansk **k^wi-g-*, som seinare av ein eller annan grunn fekk *n*-innskot. **Kvíg(a)* kan ha vore eit samanlikningsnamn med semantisk grunnlag i åtfërda til livleg ungfenað, sameleis som dei mange elvane som heiter *Øksna* (< gno. **Yxn[a]*), eller er laga til dette leddet. Slike avleiingar er relativt vanlege blant vassdragsnamn i Indre Sogn; i Nedre Lærdal finn ein til dømes *Øksvatnet* og *Øksnelvi* fremst i Oftedalen. Desse namna kan ogso peika på at staden var nytta som hamnegang for oksekalvar, soleis kan **Kvíg(a)* eventuelt tolkast som ‘elva ved (kvige)kalvebeitet’ òg (jf. moderne former som *Kyrelvi* og liknande). Eit slikt syn høver dessutan med allmenne mønster i gamal namngjeving av vassdrag i Skandinavia: Her vart usamansette dyrenemne ikkje beinveges nytta som elvenamn, men avleidde til nye namn med bakgrunn i visse eigenskapar til det aktuelle dyret. I Europa elles ser det derimot ut som direkte namngjeving av vassdrag med usamansette dyrenemne var vanlegare, kanskje med bakgrunn i personleggjing av rennande vatn eller liknande førestillingar (sjå Kousgård Sørensen 1992 s. 224–227). Vidare kan *n*-innskotet i **Kvíg(a)* ha skjett på ulike måtar:

1. Resultat av semantisk slektskap med og formell påverknad frå **Yxn(a)*-namna. *N*-innljoden i desse vanlege elvenamna er nedervd, og gno. *uxi* m. var ei opphavleg *n*-avleiing (Kroonen 2013 s. 558, Bjorvand & Lindeman 2019 s. 902), jf. den gamalnorske fleirtalsstamma *yxn-* < urnordisk **uhsni-*.
2. Alternativt kan ein rekna med påverknad frå dei tilsvarande appellativa i leksikonet til namnebrukarane: *kvíga* f. hadde forma *kvígna* i genitiv fleirtal, som kan ha valda *n*-innskot i resten av fleirtalsformene etter bøyingsmønsteret til *uxi* m. (NØ s. 695) og i elvenamnet òg med bakgrunn i formell og semantisk likskap.

Slike ovringar er ikkje formelt usannsynlege når *n*-innskot ved paradigmeutjamning eller påverknad frå liknande leksem er heimla i gamalnorske kjelder frå Vestlandet (Hægstad 1916 s. 170–171), og ei tilsvarande utvikling i proprium er påvist i stølsnamnet *Bersetno* < **-setnum* etter genitiv fleirtal **setna* (sjå del 3). Stammeutviding ved semantisk og formell assosiasjon er elles kjend, jf. til dømes gno. *hams* m. ‘skal kring frø eller frukt’, opphavleg frå *hamr* m. ‘ytre kleðnad eller form’ ved påverknad frå *ax* n. ‘blomestand med einskildståande blomstrar’ (Bjorvand & Lindeman 2019 s. 454). Diakront ser det likevel ikkje ut som utviklinga *kvíga* > *kvígna* kan ha vore særleg utbreidd eller konsekvent gjennomført: Ingen gamalnorske belegg av *kvíga* f. (og *kvígr* m. ‘oksekalv’) syner *n*-innskot utanom genitiv fleirtal (ONP), og det synest heller ikkje å ha

funnest noka form med *n*-innskot i nynorsk (korkje i Sogn, sjå Larsen 1926 s. 316, eller i resten av landet, sjå NO 6 s. 1454). Den eldre genitiven *kvígna* har vorte jamna ut ogso i moderne øynordisk, og i dag er *kvíga* eineform i færøysk og valfri form attmed *kvígna* i islandsk. Dette tyder likevel ikkje at *n*-innskotet i det heile teke ikkje kan ha funnest – appellativet *seta* f. ‘sitjing’ har heller ikkje belegg på *n*-innskot i genitiv fleirtal i gamalnorske kjelder eller i islandsk og færøysk i dag. Det kan ha vore eit mogeleg, men lite utbreitt eller lite konsekvent gjennomført fenomen synkront på namngjevingstidspunktet.

Ein kombinasjon av faktorane frå punkt 1 og 2 ovanfor er eigentleg det som kan forklara *n*-innskotet best. Ut frå allmenn stadnamnlære må elvenamnet ha vore ei eintalsform, truleg **Kvíg(a)*. Assosiasjonen med eintalsnamn på **Yxn(a)* kan ha verka analogisk på elvenamnet og valda forma **Kvíg(a)*. Gards- og stølsnamnet *Kvigno* < gno. **Kvignar* er derimot ei fleirtalsform, noko som ser ut til å alltid ha vore eit ibuande trekk hjå dette namnet. Overgangen frå elvenamn i eintal til busetnadsnamn i fleirtal er i seg sjølv uproblematisk (sjå del 2), likevel meiner eg at innverknad frå både fleirtalsstamma *yxn*- av appellativet *uxi* m. og genitivforma *kvígna* av appellativet *kvíga* f. bør takast høgd for i overgangen til fleirtalsnamnet **Kvignar*. Ei presisering kan vera at elvenamnet sannsynlegvis var **Kvígna* (snarare enn **Kvíg(a)*) før overgangen til busetnadsnamn, og at dativforma *Kvigno* vart proprialisert før grunnforma *Kvignane*. Dette lét seg undersøkje ved å samanlikna *Kvigno* med andre former frå Indre Sogn tolka som svakt bøygde elvenamn nytta som busetnadsnamn, til dømes *Ottane* /²otadn/ i Luster (SSR: *Ottom*). Dette gardsnamnet er trygt tolka ut frå elvenamnet **Ótta* (NG 12 s. 14) og er støtt bøygt i dativ fleirtal i mellomalderkjelder (vidareført i den vedtekne SSR-forma), men den generaliserte grunnforma *Ottane* er eineform i dag (genitiven *Otta* med tilstad-funksjon fanst før). Den nedervde dativforma datt nok ut or bruk då dativbøying vart uproduktiv i talemålet i Luster, noko som ikkje skjedde i (heile) Lærdal, so trekasussystemet i gardsnamn vart halde oppe til i dag. Det er also ikkje om å beinveges leggja saman punkt 1 og 2 ovanfor, forklaringa ligg heller i ein nyansert og ikkje-lineær kombinasjon av faktorane frå begge punkta, men det er uråd å klarleggja nøgnare korleis dei konkrete utviklingsstega ovra seg. Det er heller ikkje råd å drøfta vidare om og i kva grad denne utviklinga kan ha gjeve seg utslag i *n*-innskot i fleirtalsformene til *kvíga* f. Diakront ser dette appellativet ut til å vera nokso motstandsdyktig mot paradigmeutjamning etter genitiv fleirtal, men den synkrone språkinterne stoda i gamalnorsk var i alle fall lagleg for det. Kor som er, namnet *Kvigno* er svært lite utbreitt, og dette kan kanskje tyda på at det frå gammalt av var eit særlege proprium med bakgrunn i lokale talemålstilhøve og utan tydelege appellativiske motsvar. Den avgrensa utbreiinga av belegga (begge heimla i Lærdal) kan ha hjelpt med å halda namna oppe i onomastikonet til namnebrukarane trass manglande motsvar i leksikonet elles.

Tidsperspektivet i namngjevinga er litt enklare å granska, men det er òg avhengig av språkinterne tilhøve når det ikkje finst brukande førhistoriske funn frå lokalitetane (bergartøksa frå garden Kvigno er altfor gamal). Namngjevinga av elvane er umogeleg å tidfesta, men ein kan setja den tidlegaste tidsgrensa for *n*-innskotet til urnordisk med bakgrunn i analogi til stamma *úhsni- (opphavleg *n*-avleiing). Det same kan gjelda på det germanske språkstadiet, men det synest ikkje å vera naudsynt å setja grensa so langt attende i tid når germansk *k^wīgō- ser ut til å berre ha gjeve nordgermanske produkt. Garden og stølen må ha fått namn ei god stund før skriftfestinga av dei eldste belegga for både propriet *Kvigno* (i BK) og appellativet *kvíga* f. (i eit handskrift av den islandske lovboka Grágás frå ca. 1250-talet, ONP). Ein kan spekulera på om propriet gjekk frå elvenamn direkte til busetnadsnamn, eller om det fungerte som teignamn ei stund. Det fyrste kan vera tilfellet dersom namngjevinga skjedde i samband med gardsryddinga eller etableringa av stølen, men det andre er kanskje rimelegare med tanke på lægjet til namneobjekta og busetjingsmønsteret i Erdalen og Råsdalen (jf. del 3). Kvigno i Råsdalen er framleis funksjonelt underordna garden Mo, men tidlegare kan det ogso ha lege under grannegarden Rå (eventuelt Rikheim, grannegard til Rå, sjå fig. 2). Kvigno i Erdalen kan ha vore underordna garden Sæbø eller Tøri. Desse tilhøva kan tala for ein kortare overgangsfase som teignamn i utmarka til desse storgardane og ei tidfesting til år 1–800 evt., då både usamansette naturnamn, *vin*-namn og *bø*-namn var produktive.

5. Avrunding

I denne artikkelen har nokre nye vurderingar om busetnadsnamnet *Kvigno* i Lærdal vorte lagde fram. *Kvigno* kan tolkast som teignamn laga til eit opphavleg elvenamn **Kvíga*, og *n*-innskotet kan grunnjevast ut frå semantisk og formell påverknad frå elvenamntypen **Yxn(a)* > *Øksn*- (der *-n*- i innljod er nedervd). Både den tilsvarande appellativstamma *yxn*- (fleirtal av gno. *uxi* m.) og forma *kvígna* (genitiv fleirtal av *kvíga* f.) kan ha fungert som ytterlegare morfologisk og semantisk grunnlag for analogi. Det funksjonelle tilhøvet mellom namneobjekta og førhistoriske storgardar i nærleiken kan tala for at desse namna oppstod under den produktive perioden for det eldste sjiktet i busetnadsnamn, det vil seia dei fyrste hundreåra etter vår tidsrekning. Likevel er dei einskilde stega i overgangen **Kvíga* > **Kvígna* > **Kvígna* uråd å forklara vidare. Mangelen på fleire belegg kan kanskje grunnjevast ved at *Kvigno* alt i fyrstninga var eit sjeldan proprium.

Desse vurderingane må reknast for hypotetiske, særskilt fordi det skortar på fleire nærskylde namneformer å samanlikna med, og fordi namna synest å vera svært gamle. Likevel tykkjer eg at det er sannsynlegare påstandar enn tolkinga på grunnlag av adjektivet *kvik* (eller andre nærskylde leksem), som ikkje kan stemma. Utanom den språkinterne drøftinga av formene har det nemleg vorte synt at *Kvigno* i Erdalen og *Kvigno* i Råsdalen har fleire samsvarande trekk som kan tala for at eit eldre elvenamn gjekk over til busetnadsnamn:

- a. Begge lokalitetane er eller tykkjest ha vore underordna førhistoriske storgardar → namngjevinga ser ut til å ha skjett nedanfrå dalen.
- b. Begge lokalitetane ligg avsides og har vorte oppfatta som åtskilde frå storgardane (ikkje noko direkte tilhøve til gardane) → det gjev grunnlag for at lokalitetane fekk eigne namn.
- c. Ei elv er tydeleg landskapsmarkør ved begge lokalitetane → elva/elvenamnet var utgangspunkt for namngjevinga då lokalitetane vart bygde.

Litteratur og kjelder

- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1995: Íslensk orðsifjabók. 3. prentun með leiðréttingum. Reykjavík.
- Bjorvand, Harald & Lindeman, Fredrik Otto, 2019: Våre arveord. Etymologisk ordbok. 3. utg. Oslo. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. Skrifter 105.)
- Bjørkum, Andreas, 1974: Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene. Oslo. (Skrifter frå Norsk målførearkiv 30.)
- Breisnes, Rolf, 1991: Aurlandsmålet. I: Glimt frå Aurlandssoga. Samling av artiklar frå Aurland. Red. Anders Ohnstad. Aurland. (Aurland bygdebok 3. Tillegg 1.) S. 120–151.
- Espe, Alfred, Gram, Ola & Hovland, Kåre, 1987: Lærdal bygdebok 1. Heim og ætt. Borgund sokn. Lærdal.
- Espe, Alfred & Hovland, Kåre, 1990: Lærdal bygdebok 2. Heim og ætt. Tønjum sokn. Galdane–Bø. Lærdal.
- Fylkesarkivet i Vestland: Webarkiv for stadnamn. <https://stadnamn.fylkesarkivet.no/>
- Hellquist, Elof, 1948: Svensk etymologisk ordbok. 3. uppl. Lund.
- Hovda, Per, 1966: Norske elvenamn. Eit tillegg til O. Rygh «Norske elvenavne». Oslo–Bergen. (Skrifter frå Norsk stadnamnarkiv 3.)
- Hovland, Kåre & Espe, Alfred, 2005: Lærdal bygdebok 5. Heim og ætt. Hauge sokn. Erdal, Strendene, Vindedal, Frønningen. Lærdal.
- Hægstad, Marius, 1916: Vestnorske maalføre fyre 1350. 2. Sudvestlandsk. 2. Indre sudvestlandsk. Færøymaal. Islandsk. Kristiania. (Videnskabselskapets skrifter 2. Hist.-filos. Klasse.1915:3.)

- Kousgård Sørensen, John, 1992: Stednavne og folketro. I: Sakrale navne. Rapport fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30.11. – 2.12.1990. Red. af Gillian Fellows-Jensen & Bente Holmberg. Uppsala. (NORNA-rapporter 48.) S. 221–234.
- Kroonen, Guus, 2013: Etymological dictionary of Proto-Germanic. Leiden–Boston. (Leiden Indo-European etymological dictionary series 11.)
- Larsen, Amund B., 1926: Sognemålene. Oslo.
- Navneregister = Navneregister for kart i 1:50 000 over Norge. Serie M711 (Topografisk hovedkartserie). 2. Mellom 60°30'N og 65°30'N. 1991. Hønefoss.
- Norgeskart.no. <https://www.norgeskart.no/#!?project=norgeskart>
- Norsk allkunnebok. 7. Red.: Arnulv Sudmann. 1956. Oslo.
- NRK-arkivet: Kvigna – Sogn og Fjordane. <https://sprak.nrk.no/ordbok/kvigna/> (18.12.2022).
- NØ = Heggstad, Leiv, Hødnebø, Finn & Simensen, Erik: Norrøn ordbok. 5. utg. av Gamalnorsk ordbok. 2008. Oslo.
- ONP = Ordbog over det norrøne prosasprog. <https://onp.ku.dk/> (19.12.2022).
- Seip, Didrik Arup, 1955: Norsk språkhistorie til omkring 1370. 2. utg. Oslo.
- Skogen, Anders, 2020: Lærdalsmålet. Ord og uttrykk frå 1900-talet. Oslo. Språksamlingane, Universitetet i Bergen.
- <https://www.uib.no/ub/spesialsamlingane/160666/om-språksamlingane>
- SSR = Sentralt stadnamnregister. <https://kartverket.no/til-lands/stadnamn>
- Statens kartverk: <https://www.kartverket.no/>
- Særheim, Inge & Kruken, Kristoffer, 2018: Namn. I: Norsk språkhistorie 2. Praksis. Red. av B. Mæhlum. Oslo. S. 257–363.
- Torp, Alf, 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania. Universitetet i Bergen (UiB), Stedsnavnarkivet. <https://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383>
- de Vries, Jan, 1977: Altnordisches etymologisches wörterbuch. 3. aufl. Leiden.
- Ølmheim, Per Arvid, 2008: Frå Gygrekjeften til Gygrarøvi. Ei nettreise i natur og kultur. Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane. Leikanger. (Rapport 4 frå prosjektet “Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling” i Sogn og Fjordane.)

Summary

Kvigno

An oeconym from Lærdal in Indre Sogn

By *Samuele Mascetti*

This article discusses the toponym *Kvigno* from Lærdal municipality in Indre Sogn (Western Norway). This is a farm name from Erdal in Lærdal, first attested as *kuíg(h)(i)num* in the 14th century, and traditionally considered difficult to explain because of its limited attestation and unknown morphological and semantic content. Nonetheless, it can be studied through the only other attested form, the very scarcely documented name of an abandoned shieling (summer dwelling) from Råsdalen in the same municipality. The main objective of this research has been to investigate whether a thorough analysis of both attestations of *Kvigno* allows for a satisfactory explana-

tion, despite the generally unfavourable conditions. The results show that an in-depth breakdown of both internal linguistic aspects and external factors (landscape features and pragmatic relations within the local toponymic environments) does in fact allow probable explanations, although there is no full certainty due to the lack of attestations and sources. *Kvigno* can be interpreted as a field name originally derived from the river name **Kvíg(a)*, ultimately going back to the same stem as ON *kvíga* f. ‘heifer’, earlier ‘livestock’. The insertion of *-n-* can be seen as analogy to the semantically and formally similar hydronym-type **Yxn(a) > Øksn-* ‘ox(en)’, where *-n-* is etymologically motivated. This is a well-known toponymic element that incidentally is attested in Lærdal as well; moreover, the corresponding appellative stem *yxn-* (plural of ON *uxi* m. ‘ox, bull’) could have functioned as additional morphological and semantic basis for analogy, possibly together with *kvígna* (genitive plural of *kvíga* f.). The functional relationship of the name referents to nearby farms with archaic names such as *Mo*, *Rå*, *Sæbø* and *Tøri* indicates that the two attested forms of *Kvigno* could have originated in the 1–800 CE period. A comparison with other oeconyms from Indre Sogn that originally were weak feminine stems used as hydronyms (like *Ottane* in Luster) implies that the actual hydronym in Lærdal must have been **Kvígna* rather than **Kvígn* at the time of the transition to oeconym, and that the dative plural form *Kvigno* was likely proprialised earlier than the definite plural form *Kvignane*. Still, the actual development from **Kvíg(a)* to **Kvígn(a)* and finally **Kvígnar* does not allow further exploration without supplementary sources, first and foremost more attestations. Such a conspicuous lack of attestations outside of Lærdal could be explained by *Kvigno* being an infrequent proper noun in the first place, while the limited distribution of the surviving forms (both in Lærdal) could have contributed to counteracting the expected name loss, despite the lack of appellative counterparts.